



Til ungdomsskolane i Hordaland

Dato: 13.10.2014
Vår ref.: 2014/20417-6
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.:

Namneliste/fødsels- og personnummer for elever på 10. trinn

I samband med at elevar på 10. trinn har rett til vidaregåande opplæring frå skuleåret 2015/2016, ber vi om å få tilsendt følgjande data på elevane:

- fødsels- og personnummer
- etternamn/fornamn (kun ved innsending av manuelle lister)

Vi skal **ikkje** ha adresse, telefonnummer eller andre opplysningar om eleven.

Datatilsynet krev no at eleven skal gje skulen skriftleg samtykke for overføring av fødselsnummer. I samband med innhenting av fødselsnummer, og seinare halvårskarakterar, må skulen opplyse elevane om dette, og få skriftleg reservasjon frå dei som ikkje ønskjer at dette blir overført til Inntakskontoret. Det må også opplysast at ein slik reservasjon vil medføre at ho/han ikkje får registrert søknaden sin i Vigo.no, og at fødsels- og personnr. uansett må registrerast dersom ein søker vidaregåande opplæring manuelt via papirskjema.

Opplysningane skal leverast på vigoportalen. (<https://www.vigo.no/vigor/servlet/main?cmd>Login>)

Spesiell informasjon til skular som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre fødselsnummer elektronisk:

Desse må sende dei aktuelle data på papir. Dersom skulen ønskjer det, tek vi gjerne imot karakterprotokoll for å få ovannemnde opplysningar. I slike høve vil vi berre ha til sendt namn/fødsels- og personnummer, og ikkje resten av protokollen med fagnemningar.

Vi ber om å få opplysningane klassevis og at klassenemninga er ført på listene. Dei listene som blir mottatt frå skulen vil bli oppbevarte på forskriftsmessig måte, og sletta/makulert etter bruk.

Evt. spørsmål kan rettast til Elin Meyer Wikan, tlf. 55 23 92 43 eller e-post: elin.wikan@hfk.no

Innsendingsfrist: 3. november 2014

Takk for hjelpa.

Med helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.